

## **Leiarmøte for "Sau og Geit" - 23. – 25. Oktober 2009 - Stryn**

### **Fredag 23. Oktober**

Vi fekk vere med på ein godt planlagt og framifrå fagtur til Selje i regi av Selje Sau og Geit. Det var eit framifrå ver med naturopplevingar av dei sjeldne med ein blikkstill dag på Stadlandet. Deltakarane frå Sogn og Fjordane møtte deltakarane frå Møre og Romsdal på Eid og kørde samla i buss til Selje og Stadlandet. Vi fekk sjå kystgeit, hjortefarm og besøkte ein uisolert driftsbygning for sau, alt med informasjon av lokalt vertskap. Vi fekk ein framifrå lunsj på Ervik fiskemottak, nydeleg fiskegrateng med tilbehør og dessert.

Etterpå var vi i St. Svithun Kapell og fekk fortalt historia om forliset 30. september 1943 og korleis bygdefolket der ute greide å berge mange i dårleg haustvær, ei gripande historie.

Grunna stramt program orienterte Kjellfrid Støylen om erfaringar i prosjektet Framtidsretta sauehald under bussturen. Ho tok føre seg kva som har vore gjort, og planar for prosjektet fram til det vert avslutta 1. mars 2010. Johannes Nedrebø orienterte om nytt frå Nortura. Her var vi innoom marknadssituasjonen, slaktesesongen på Førdeanlegget, omlegging / innsparingar i Nortura. Vidare vart det diskutert pris og klassing av kjeslakt der produsentar ynskjer å få til ein slakteridag. Tema skal vere slakting og klassing av geit / kje.

Vi kørde til Styn Hotell der resten av samlinga føregjekk. Her vart det middag om kvelden, samt tjuvstart på gjennomgang av årets seminkatalog. Diskusjonane utover kvelden handla mykje om avl.

### **Laurdag 24. oktober**

#### **Magnus opna dagen med song**

#### **Nytt frå saueavlen**

Per Johan Lyse frå Rogaland møtte for Turid Sundt, tema var nytt frå saueavlen.

I Vest har ein lege etter resten av landet når det gjeld indeks i mange år. Dette har endra seg siste åra, og Lærdal værering er no i landstoppen, mellom anna med Sak Eggum.

Lyse orienterte om desse sakene:

#### **Delindeksar og vektlegging framover på NKS, spæl og sjeviot.**

- NKS: Ingen endring i 2009. Det betyr same vektlegging som før på lammetal.
- Spæl: Noko større vektlegging av fett, mindre på slakteklasse, større vektlegging på morsegenskapar som er viktige i høve flokkinstinktet til spælen.
- Sjeviot: Inga endring i 2009.

### **Gransking innan flokk. Kriterie:**

- Buskapen må være medlem i ring
- Ringen skal eige værslamma og ha ansvaret for innsettet.
- Buskapen må granske minst 3 værar pr. år.
- Kravet til avkomsgruppa er minimum 20 slakt på NKS, 15 slakt på spæl og 10 slaktpå sjeviot.
  
- Buskapen må levere minst 15 slakt etter seminfar pr.år.
- Ringen skal disponere dei granska værene.
- Ringen får same granskingstilskott for værar som vert granska innan flokk.

### **Auka fokus på smittevern.**

- - Ringmedlemmer kan ikkje selje dyr over fylkesgrensene
  - Inga overføring av dyr mellom ulike avdelingar
  - Ringmedlemmane kan ikkje hente livdyr (han /hodyr) utanfor ringen
  - Smittegruppene kan ikkje være over 2000 v.f.sau

### **Fokusområde for smittevern i sauenæringa**

- - Fjellbeite. Ulike buskar har nærkontakt ved saltsteinar og sanking
  - Væringar. Flytting av dyr mellom buskar
  - Kåring. Ulike buskar står tett saman
  - Kjøp og sal. Kjøper ofte frå ulike buskar. Oppfordrar alle bruksbuskar til å finne seg ein seljarbusk og halde seg til denne. (Ideelt sett skulle berre avlsbuskar selt værar).

### **Semin 2009 / 2010**

- - Mange ulike smårasar
  - NKS- verar som er spesielt gode på morsegenskaper.
  - NKS-risbitværar som er tekne inn grunna høg indeks.
  - Få spælværar. Mange gjekk ut grunna funn av Myostasin-mutasjon. (Liknande Belgisk blå)
  - Import av fleire rasar (Sjeviot, Romney, Charolais, Suffolk, Svartfjes ++)

## Kåring

- - Grunn til restriksjonar i 2008: Fotråde
  - Grunn til restriksjonar i 2009: Blåtunge
  - Gardskåring innanfor restriksjonar for blåtunge.
  - Fylka må vise til rekneskap som syner at kåringa går i balanse (utan tilskot frå regionutvalet)
  - Kåringa skal opp som sak på representasjonsmøtet til NSG i mars.
  - Meiningar for og i mot dagens kåring.

Ellers informerte Per Johan om avlskongressen som skal være 13.-14.februar der alle interesserte kan delta. Her vert tema:

- - Korleis er lammeslaktet om 10 år?
  - Morsauen: Nye eigenskapar inn i avlsarbeidet
  - Eiga farlinje: Treng vi det, og kven skal avle den fram?
  - Avlsframgong kontra innavlsauke
  - Utplukk av avlsdyr på grunnlag av gen
  - Norsk avlsarbeid i eit internasjonalt perspektiv

## Nytt frå Tine

Helga Kvamsås orienterte om Sunnylvnprosjektet.

Innkryssing av Fransk Alpingeit i norske mjølkegeit. Dette for å få inn eit nytt gen/ny gentyper i geitemjølkeproduksjonen. Dette er viktig for kvitostproduksjonen.

Eigenskapar:

- - Smak
  - Frie fettsyrer
  - Ystbarheit
  - Utbytte av mjølka

Her er mykje godt arbeid gjort når det gjeld produksjon og kvalitet. Men det må jobbast vidare med avl. Den franske geiterasen er meir brun i farge og noko meir høgstilt enn dei norske geitene. Målet med prosjektet er å kartlegge kva ulike norske og franske variantar av

genet vi har. Ho fortalde om kva datamateriale dei har brukt i dette forsøket med tal besetningar, tal dyr frå begge rasane og ulike prøvar av mjølka. Endring av gen har mykje å seie for kvalitet og mjølkepris. Mjølkekemengda ser det ikkje ut til å være stor skilnad på.

Konklusjon: Har stor betydning for dei to kvalitetsutfordringane vi har:

- - Stabilisere og redusere innhold av fettsyrer i melka
  - Betre ystingseigenskapar og dermed kvaliteten på ferdig ost.

### **Tur i Briksdalen.**

Som avbrot i den teoretiske delen fekk vi være med på ein framifrå godt organisert tur i Oldedalen med tur til Briksdalsbreen med Rune Myklebust som turleiar og kjentmann. Vidare fekk vi servert ein framifrå god lunsj hos Signe Aabrekk. Etter lunsj delte vi oss i 2 grupper der nokre fekk omvisning i geitefjøset til Rune Myklebust og dei andre var att hos Signe Aabrekk som fortalde om gardsmatprosjektet sitt på bruket.

### **Innlegg frå prosjektet Geit i vekst etter nesten 3 år.**

Ola Søgnesand oppsummerte etter nesten 3 år i prosjektperioden. Prosjektet dekker Møre & Romsdal, Sogn & Fjordane og Hordaland. Har som mål å sikre ein framtidretta geitemjølkeproduksjon og betre helse på geitene.

Punkt Ola var inne på her, var:

- Sjukdomssanering
- Bygningsløyserar der han nemnde viktige element som lys, ventilasjon, innreiing, grovførhandtering og mjølking.
- Kjøttproduksjon på kje som har som formål å:
  - - Avskaffe ei uetisk side ved geitmjølkeproduksjon
    - Få til meir oppføring av kje
    - Utvikle gode oppdretts- og føringssystem
    - Samarbeid med Nortura
    - Pilotprosjekt framføring
- Kjekjøtklassifisering

## Jordbrukstingingar

Steinar Ness prøvde å setje oss inn i korleis jordbrukstiningane går føre seg. Organisasjonar i jordbruket forhandlar om inntekstmogelegheiter i landbruket med Staten. Det er viktig å være frampå med innspel til forhandlingane!

Småfenæringa er kanskje alt for beskjeden. Han sa at Soria Moria II seier noko om å styrke jordbruket og matproduksjon, særleg på grasbaserte produksjonane. Det betyr at småfenæringa må sjå på kva mogelegheiter som ligg her med omsyn til å kunne auke inntektene.

Inntektene til småfehaldarar kjem hovudsakleg frå avrekning frå slakteri og meieri, og tilskot frå Staten.

Forklarte på ein ryddig og grei måte om:

**Målpris:** Pris ein kan oppnå ved å levere kjøtt/mjølkk under visse forutsetningar, og dersom ein greier å halde eit balansert marked.

**Tilskot:** Er på ein måte faste pengar over Statsbudsjettet som bonden får utbetalt i februar og juni. Her er viktig å komme på banen med forslag og krav til neste forhandlingar. Døme på ulike tilskot, er:

- Areal og kulturlandskapstilskot
- Husdyrtilskot
- Tilskot til dyr på inn- og utmarksbeite
- Avløysartilskot

Ramme og fordeling her er viktig. Det er rimeleg lett å få aksept frå opinionen for å drive med sau. Vi bør få til ei felles innstilling til jordbrukstingingane 2010 frå dei tre fylka på Vestlandet, ( Møre & Romsdal – Sogn & Fjordane og Hordaland)

Laurdagskvelden var det middag og dans v/Eid Spelemannslag.

## **Søndag 25. oktober**

Magnus opna dagen med song

Lokallaga sin time:

- - Askvoll v/Terje Mork: Fylkeslaget må prøve å bevare kåringane som dei er i dag. Dette er viktig for sauemiljøet, og eit sosialt samlingpunkt

Mange har i år prøvd å få til meir samlasting av slakt der puljetillegget betyr ganske mykje når ein klarer å komme opp i heile lass.

- - Stryn har hatt kurs i kompetansebevis med 80 deltakarar.
  - Ørsta har hatt kurs i kompetansebevis med 120 deltakarar.
  - Viksdalen har mellom anna arrangert fårrikålmiddag, i samarbeid med helselag og sokneråd.
  - Årdal har arrangert kurs i kompetansebevis, samt arrangert ein flott fjelldag i Årdal
  - Lærdal v/ Lars Nesse. Det er viktig med sosiale arrangement, gjerne opplagt fagtur for å sjå fjøsbygningar etc. Gjerne fjøs som i Jostedalen, Hallingdal eller i Sogn og Fjordane.
  - Selje. Har laga bondekafè med temamøter som dei blant anna har fått Smilmidlar til Miljøplankurs/ møter. Dei søkte også Selje næringsfond om stønad til HMS kurs.

## **Ullsekkar**

Slik det er i dag skal lokallaga bestille ullsekkar gjennom fylkeslaget som tek opp samla bestilling til Norilia. Norilia bestiller ullsekkar ein gong i året i mai og får desse ut på sommaren til ullmottaka. Det vart diskutert kva ein kunne gjære for å få fakturert ut sekkene til medlemmen og samstundes få att momsen. Her var nemnt idear som trekk / kg ull, trekk på tilskott til ull-lessing, etc.

Kan føye til at etter denne samlinga så vil Jølster sau og geit prøve å distribuere ullsekkane ut til medlemmene gjennom kontaktpersonar som har ullsekkar på lager og som skriv liste på dei som hentar tomsekkar. Dette vert fakturert gjennom avløysarlaget i kommunen der dei fleste saueeigarane er medlemmer. Då får ein ut sekkene på ein grei måte og ein får fakturert sekkene slik at ein får att momsen. Avløysarlaget må legge på prisen 50 øre – 1 krone på sekken for fakturering og arbeid med dette. Det trur vi dei fleste står i.

## Rovdyr

Erling Offerdal seier vi har ein jobb i å samordne ein del både med omsyn til

rovdyr, jordbruksforhandlingar etc.

## ORGANISASJONSKURS v/Vivvi frå NSG

Vinni orienterte om NSG som organisasjon. Ho snakka om lagspermen som alle lokallaga bør ha. Denne inneheld nytt oppdatert materiell frå NSG. Ho delte ut ein perm til fylkeslaga. Lokallaga skal få tildelt perm seinare. Permen inneheld:

- - Litt fakta om NSG. Skiping, tal fylkes og lokallag, tal medlemmer.
    - Formålet til NSG
    - Strategiplan for 2008 – 2009 som omhandlar
1. Økonomi og marked
  2. Produksjonsvilkår
  3. Faglege utfordringar
  4. Eigen organisasjon
  5. Politikarkontakt og alliansebygging
  6. Informasjon, Handlingsplan, Arbeidsplan, møter, aktivitetar og oppgåver.

Vinni seier NSG har fått bra resultat når det gjeld pris pr.kg kjøtt. Det må no forhandlast om beitetilskot, teljedato etc. Det er viktig at lokallaga kjem på banen med innspel.

Ellers vart det orientert om organisasjons- og administrasjonsoppbygging og valkommiteen sine oppgåver. Ho understreka at valnemnda er viktigaste organ i alle organisasjonar. Leiar i valnemnda skal være ein som er oppdatert i miljøet.

Til slutt orienterte ho om ord og tekniske uttrykk i møtesamanheng, samt innkallingsrutinar, heading på rett side av brevark, gode og dårlege innbydingar, innhald i referat og protokoll, rekneskapsoppsett, etc.

Til slutt på samlinga takka Halvar og Inger Johanne for ei fin samling og orienterte om at samlinga neste år vert 3.- 4. oktober i Isfjorden, i samband med NM i saueklipping. Magnus slutta av som seg hør og bør med song.

Referent:

Johannes Nedrebø